

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 27.01.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Rudlang  
**SAKA GJELD:** **Status for omlegging av revmatologitilbødet i Helse Vest**

**ARKIVSAK:** 2019/5502  
**STYRESAK:** **013/23**

**STYREMØTE:** **15.02. 2022**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest tar saka til orientering.

## Oppsummering

Denne saka summerer opp status for oppfølging av vedtaka i styret i Helse Vest i sakene 32/18 og 09/19 om omlegging og utvikling av tilbodet til pasientar med revmatisk sjukdom i Helse Vest.

Det er ei positiv utvikling og ei tilfredsstillande framdrift for omlegginga både når det gjeld opptrapping av revmatologitilbodet i Helse Stavanger, utvikling av tilbodet til barn og unge med revmatisk sjukdom og innanfor revmakirurgi.

Det regionale fagnettverket for revmatologi, som blei oppretta i 2019, bidrar på ein god måte i oppfølginga av styrevedtaka om omlegging av revmatologitilbodet i Helse Vest. Arbeidet i nettverket bidrar til å styrke og forbetre samarbeidet mellom fagmiljøa ved sjukehusa i regionen. Dette blir også bekrefta av oppdaterte ROS-analysar.

## Fakta

Styret i Helse Vest vedtok i mars 2018 ei omlegging av tilbodet innanfor revmatologi i regionen (sak 32/18):

1. Styret i Helse Vest tek regional plan for revmatologi i Helse Vest 2017-2021 til orientering, og ber om at planen vert lagt til grunn for utviklinga av fagområdet revmatologi.
2. Styret i Helse Vest ber om at innsatsområda vert følgt opp i tråd med planen, bortsett frå innsatsområde nummer to og fire, det som gjeld å byggje opp tilbodet i Helse Stavanger og i Helse Fonna:
  - a. Styret i Helse Vest sluttar seg til at tilbodet i Helse Stavanger vert bygd opp etter at SUS 2023 er på plass, dvs. i 2024/2025. Det skal leggjast fram ei ny styresak for styret i Helse Vest i 2022/2023, for å avklare framdrift og organisering av tilbodet. Haugesund Sanitetsforening Revmatismesykehus vert invitert til å delta i forarbeidet til denne saka.
  - b. Helse Stavanger skal utdanne revmatologar og treng då ei større pasientgruppe enn dei har per i dag. Haugesund Sanitetsforening Revmatismesykehus må bidra gjennom fagleg samarbeid og deling av pasientstraumar til at legar i spesialisering i Helse Stavanger kan nå læringsmåla.
  - c. Styret i Helse Vest sluttar seg til at tilbodet i Helse Fonna vert bygd opp etter at ombygging er gjennomført, dvs. i 2024/2025. Styret ber om at organiseringa av tilbodet til personar med revmatisk sjukdom i Helse Fonna-området og oppgåvedeling knytt til ortopedisk kirurgi for Helse Fonna-området vert greidd ut i eit eige arbeid. Det skal leggjast fram ei ny styresak for styret i Helse Vest i 2022/2023, for å avklare framdrift og organisering av tilbodet. Haugesund Sanitetsforening Revmatismesykehus vert invitert til å delta i dette arbeidet.

3. Ein liten del av revmakirurgien, dei heilt spesialiserte inngrepa, vert regionaliserte, og inngrepa skal gjennomførast i Helse Bergen. Dette vert konkretisert og følgt opp i eit eige arbeid, leia av Helse Vest RHF.
4. Alle føretaksområda skal innan utgangen av 2020 ha eit tilbod til born og unge med revmatisk sjukdom. Ved behov for særskilt kompetanse skal tilbodet i Helse Bergen nyttast. Helse Vest vil be Helse Fonna om å etablere eit heilskapleg revmatologisk tilbod for born i eit samarbeid med Haugesund Sanitetsforening Revmatismesykehus. Helse Stavanger HF skal nytte tilbodet for born i Helse Bergen HF fram til at Helse Stavanger HF har bygd opp eit heilskapleg revmatologisk tilbod i 2025.
5. Helse Vest skal opprette eit regionalt tverrfagleg nettverk som mellom anna vil få ansvar for å følgje opp fleire av innsatsområda i den regionale planen.
6. Det skal gjennomførast ROS analyse ved omlegging av tilbodet innan revmatologifaget.
7. Styret ber om å få lagt fram ei styresak som viser framtidig organisering og framdrift i arbeidet med å legge om tenestene innan revmatologifaget.

På bakgrunn av desse vedtakspunkta blei det i 2018 sett i gang eit prosjekt for oppfølging og implementering av omlegginga av revmatologitilbodet. Prosjektet gjennomførte ein ROS-analyse og utarbeidde ein framdriftsplan som grunnlag for iverksetting av omlegginga i sjukehusa i regionen. Ny sak om dette blei lagt fram for styret i Helse Vest i februar 2019, og styret vedtok følgjande (sak 09/19):

1. Styret legg til grunn at sluttrapporten Oppfølging og implementering av styrevedtak om regional plan for revmatologi i Helse Vest, blir retningsgivande for det vidare arbeidet.
2. Omlegginga av revmatologitilbodet i sjukehusa i Helse Vest, jf. styrevedtak 32/18, skal skje i samsvar med tiltaks- og framdriftsplan, basert på gjennomførte ROS-analysar.
3. Helse Vest RHF skal følge med på at iverksettinga i sjukehusa skjer i samsvar med planen.
4. Det regionale fagnettverket for revmatologi får i oppdrag å bistå Helse Vest RHF med å følgje med på iverksettinga. Helseføretaka og HSR skal delta i nettverket. Helse Bergen blir bedt om å leie nettverket.

Det blir no lagt fram ei styresak om status i oppfølginga av vedtaka i styret i Helse Vest, med oversikt over status i arbeidet med omlegging av tilbodet til personar med revmatisk sjukdom i regionen.

## Kommentarar

### Regionalt fagnettverket for revmatologi

Regionalt fagnettverket for revmatologi blei etablert i 2019, og har til saman 15 medlemmar frå dei fire helseføretaka, frå Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus (HSR), to brukarrepresentantar og ein avtalespesialist. Nettverket blir leia frå Helse Bergen HF.

Hovudoppgåvene til nettverket er:

- Felles fagutvikling innan revmatologi
- Samarbeid om revmatologikompetanse
- Bistå Helse Vest med å følgje med på omlegginga av revmatologitilbodet i Helse Vest. Mellom anna koordinerer nettverket ein årleg gjennomgang av status for iverksetting av dei risikoreduserande tiltaka, basert på gjennomførte ROS-analysar. Nettverket legg årleg fram statusrapport for det regionale fagdirektørmøtet i omstillingsperioden fram til og med 2025.

Fagnettverket har tre undergrupper som jobbar med oppfølginga av ulike delar av omlegginga:

- Opptrapping av revmatologitilbodet i Helse Stavanger
- Barnerevmatologi
- Revmakirurgi

### Oppsummering av status for arbeidet med omlegging av revmatologitilbodet i regionen

Her følgjer ei kort oppsummering av status for dei tre områda. For ein nærare omtale av implementeringsarbeidet blir det vist til den vedlagte årsrapporten for 2022 frå fagnettverket og dei oppdaterte ROS-analysane.

Føringar for omlegging av revmatologitilbodet, jf. sak 32/18	Status for omlegginga
<p><b>Opptrapping av revmatologitilbodet i Helse Stavanger</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• HF-et skal i all hovudsak ta hand om pasientar med revmatisk sjukdom i eige opptaksområde.</li> <li>• Oppbygginga startar frå 2019 med ei gradvis opptrapping for å legge til rette for utdanning av revmatologar i Helse Stavanger.</li> <li>• Stadig fleire pasientar vil få tilbod i Helse Stavanger, fram til eit heilskapleg revmatologitilbod</li> </ul>	<p>Helse Stavanger oppretta revmatologisk avdeling 01.06.21. Avdelinga har frå 2019 tatt imot nyttilviste artrittpasientar frå eige opptaksområde, og har frå 2021 tatt imot pasientar som før har fått infusjonsbehandling ved HSR. Frå 2022 har SUS tatt imot pasientar frå eige opptaksområde som tidlegare fekk oppfølging ved HSR. Totalt er 573 pasientar overførte frå HSR til SUS. Overføringa går etter planen, det har ikkje vore fristbrot for nokon av pasientane overførte frå HSR.</p> <p>SUS har no 5 spesialistar i revmatologi, og dekker alle læringsmål innan revmatologi og søker derfor om full godkjenning som utdanningsinstitusjon</p>

Føringar for omlegging av revmatologitilbodet, jf. sak 32/18	Status for omlegginga
<p>skal vere bygd opp i Helse Stavanger i 2024/2025.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ny sak til styret i HV i 2022/23 skal beskrive status</li> </ul>	<p>innan faget. Samarbeidet med HSR og HUS fungerer svært godt.</p> <p>Aktiviteten ved HSR har så langt ikkje blitt nemneverdig påverka av opptrappinga i Stavanger. HSR og SUS ønsker å samarbeide om å tilby ulike typar pasientkurs. HSR har som einaste revmatologiske avdeling i Helse Vest tilbod om spesialisert rehabilitering i døgnbehandling. Tilbodet blir no brukt av pasientar frå heile regionen, og HSR jobbar med å vidareutvikle tilbodet.</p>
<p><b>Barnerevmatologi:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Alle føretaksområda skal innan utgangen av 2020 ha eit tilbod til barn og unge med revmatisk sjukdom.</li> <li>Ved behov for særskilt kompetanse skal tilbodet i Helse Bergen nyttast.</li> <li>Helse Fonna skal ha eit heilskapleg revmatologisk tilbod for born i eit samarbeid med HSR.</li> <li>Fram til Helse Stavanger har bygd opp eit heilskapleg revmatologitilbod i 2025, skal føretaket nytte tilbodet for barn og unge i Helse Bergen.</li> </ul>	<p>Helse Stavanger: Barnerevmatologien blir utvikla med god framdrift. Lokale behandlingsforløp er på plass. Alle nye barnerevma-pasientar blir tatt imot ved SUS. Nye pasientar med revmatologisk sjukdom, der det er behov for regional støtte, blir tilvist til BUK i Helse Bergen. Når det gjeld pasientar som er kjent ved OUS, konfererer ein med OUS. SUS har 3 overlegar med barnerevmatologi som særområde, vidare har barnerevmatologen 50 % fysioterapistilling, 50 % sjukepleiarstilling, inkludert merkantil teneste og 50% ergoterapeut.</p> <p>Helse Fonna og HSR har samarbeidsavtale om barnerevmatologi; alle barn under 16 år henvises til barneavdelingen i Helse Fonna, det er samarbeid med HSR om ungdom når nyttig og nødvendig. HUS blir nytta for regionalt tilbod.</p> <p>Helse Førde har overlege i pediatri med fokus på barnerevmatologi og tar ved behov tar kontakt med Helse Bergen.</p> <p>Helse Bergen: BUK har revmatolog som er i slutfasen av spesialisering i pediatri. Har tatt imot fleire pasientar frå regionen for komplekse vurderingar. Frå 2023 aukar BUK aldersgrensa til 18 år. I 2022 er det arbeid med regionale prosedyrar for overgangsforløp barn-vaksen, eit prioritert fokusområde.</p>
<p><b>Revmakirurgi:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ein liten og heilt spesialisert del av revmakirurgien blir samla i Helse Bergen.</li> </ul>	<p>Det har blitt utarbeidd ein rapport for revmakirurgi i Helse Vest for 2019-2021 basert på revmatologiske ICD-10 koder og prosedyrekodar: Generelt er det få inngrep. Det er ein liten nedgang i inngrep (79</p>

Føringar for omlegging av revmatologitilbodet, jf. sak 32/18	Status for omlegginga
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Andre vanlege operative inngrep pga. revmatisk sjukdom, skal utførast i alle helseføretaks-områda.</li> </ul>	<p>inngrep i 2021) registrert med revmatologisk hovuddiagnose samanlikna med tidlegare år (105 inngrep i 2020).</p> <p>Rapporten bekreftar også at den litle og spesialiserte delen av revmakirurgien har blitt samla i Helse Bergen, HUS.</p> <p>Inngrepa blir i hovudsak utført ved HUS, HSR og SUS. Tala frå 2020 og 2021 viser at også SUS har begynt å operere nokre fleire av sine egne revmatiske pasientar.</p>

### Særskilt om oppfølging av vedtakspunkt 2 c i sak 32/18

«Styret i Helse Vest sluttar seg til at tilbodet i Helse Fonna vert bygd opp etter at ombygging er gjennomført, dvs. i 2024/2025. Styret ber om at organiseringa av tilbodet til personar med revmatisk sjukdom i Helse Fonna-området og oppgåvedeling knytt til ortopedisk kirurgi for Helse Fonna-området vert greidd ut i eit eige arbeid. Det skal leggjast fram ei ny styresak for styret i Helse Vest i 2022/2023, for å avklare framdrift og organisering av tilbodet. Haugesund Sanitetsforening Revmatismesykehus vert invitert til å delta i dette arbeidet.»

Vedtaks punkt 2 c i sak 32/18 omhandlar både revmatologi og ortopedisk kirurgi i Helse Fonna-området. I det vidare arbeidet med å følgje opp vedtakspunktet bør desse to fagområda sjåast på kvar for seg da desse aktivitetane fagleg og organisatorisk har lite med kvarandre å gjere.

Den delen av vedtakspunktet som handlar om revmatologi vurderer administrerande direktør at er ivaretatt i det pågåande arbeidet med omlegginga av revmatologitilbodet i Helse Vest. Dette arbeidet inkluderer også revmakirurgi. Det regionale fagnettverket har rolla med å bistå Helse Vest i oppfølginga, og årlege statusrapportar blir lagt fram i det regionale fagdirektørmøtet.

Den delen av vedtakspunktet som handlar om ortopedisk kirurgi er ikkje handtert i samband med omlegginga av revmatologitilbodet i Helse Vest. Oppgåvedeling for ortopedisk kirurgi i Helse Fonna-området vil krevje eit eige arbeid. Eit slikt arbeid vil omfatte all anna ortopedisk kirurgi enn revmakirurgi, som er den kirurgien som er knytt til inflammatorisk revmatisk sjukdom.

Administrerande direktør vil kome tilbake til styret med ei ny sak som gjer greie for korleis ein vil arbeide med oppgåvedeling for ortopedisk kirurgi i Helse Fonna-området. Det blir tatt sikte på å legge fram saka i løpet av våren 2023.

## Konklusjon

Det er ei positiv utvikling og ei tilfredsstillande framdrift for omlegginga både når det gjeld opptrappinga av revmatologitilbodet i Helse Stavanger, utviklinga av tilbodet til barn og unge med revmatisk sjukdom og innanfor revmakirurgi.

Det regionale fagnettverket for revmatologi, som blei oppretta i 2019, bidrar på ein god måte i å følgje opp styrevedtaka om omlegging av revmatologitilbodet i Helse Vest. Arbeidet i nettverket bidrar til å styrke og forbetre samarbeidet mellom fagmiljøa ved sjukehusa i regionen. Dette blir også bekrefta av oppdaterte ROS-analyser.

Statusrapportar frå det regionale fagnettverket har årleg blitt lagt fram for og drøfta i det regionale fagdirektørmøtet. Denne oppfølginga vil halde fram til Helse Stavanger har bygd opp eit heilskapleg revmatologitilbod i 2025. Utviklinga innanfor revmakirurgi vil også bli følgt nøye i denne perioden. Deretter vil behovet for ytterlegare regional oppfølging bli vurdert.

Det vil bli lagt fram ei ny sak for styret i Helse Vest i løpet av våren 2023, som gjer greie for korleis ein vil arbeide med oppgåvedeling for ortopedisk kirurgi i Helse Fonna-området, jf. vedtakspunkt 2 c i sak 32/18.

## Vedlegg:

- Årsrapport frå Regionalt fagnettverk for revmatologi
- 3 oppdaterte ROS-analyser frå nettverket